

Vegnummer: Fv 402
 Kommune: Lindås
 Grunnervervsprosjekt:
 Prosjektnummer:
 Saksnummer (Lindås kommune): 16/2778 - 16/23611
 Sakshandsamar: Irene Wilhelmsen

Kjøpekontrakt

Kjøpar:

Hordaland fylkeskommune ved Statens vegvesen Region vest
 ved Lindås kommune

Seljar:

Sigvard og Oddlaug Aune Hopland, eigar av gnr. 172, bnr. 4 i Lindås kommune
 Adresse: Nesbrekka 2, 5912 Seim

1. Kontrakten gjeld

Seljar avstår nødvendig grunn for siktutbetring av Fv 402 Lurevegen langs med eigedom gnr.172, bnr. 4.

Inngrepet/avståinga går fram av vedlagde teikningar på side 5 i kjøpekontrakten.
 Som vedlagt kart på side 6 viser, vert det lagt røyrleidning for framtidig minireinseanlegg til gnr. 172, bnr. 31, i grøfta langs eigedomen.
 Kartvedlegga er ikkje målestokkriktige og måla er omtrentlege mål.

Permanent avstått areal er vist med grøn farge, og utgjer om lag 235 m². Midlertidig disponert areal er vist med gul farge, og utgjer om lag 315 m². Dei oppgitte areala er foreløbige og avvik kan forekomme. Det vert utført oppmåling og kartforretning etter siktutbetring.

Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljaren grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon med vidare.

2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Type erstatning	Mengde	à kr	Sum kr
Skogsmark.....	235 m ²	5,-	1.175,-
Total erstatning:			<u>1.175,-</u>

a) Deloppgjer

Dersom arealet enno ikkje er endeleg oppmålt, er erstatninga ovanfor førebels. Lindås kommune betaler då eit deloppgjer når denne kontrakten er underteikna av begge partar. **Deloppgjeret er på kr. 1.175,-.** Den endelege erstatninga blir berekna og ei eventuell resterstatning vert utbetalt når arealet er endeleg oppmålt. Det skjer normalt ikkje før veganlegget er fullført og kartforretning er utført. Kommunenen betaler renter av erstatninga som seljaren eventuelt har til gode, med rentefoten som er fastsett nedanfor. Renta blir rekna frå det tidspunktet når kontrakten er underskriven av begge partar, dersom ikkje anna er avtalt i «Avtale om tiltreding og avtaleskjønn».

b) Rund sum

Dersom erstatninga er avtalt som rund sum (RS), skal Lindås kommune betale erstatninga når kontrakten er underskriven av begge partar. Dersom utbetalinga ikkje skjer innan 4 veker, skal Kommunen betale renter, jf. punkt c) nedanfor.

c) Rentefot

Partane set rentefoten til 3,5 % flat rente per år.

d) Atterhald om panthavarar

Lindås kommune tek etterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan utbetalast. Det er Kommunen som innhentar dette samtykket.

3. Spesielle kontraktsvilkår

a) Leidning for framtidig minireinseanlegg i grøft langs veg mot elv

Kjøpar skal leggje ned eit Ø110 mm røyr for drenering, slik at dette ligg klart ved installasjon av framtidig minireinseanlegg for gnr. 172, bnr. 31. Røyret skal leggjast frå kulvert fv402 m2190, følgje grøfta langs 2 eigedomar (gnr. 172, bnr. 31 og bnr. 4) og ned mot elva.

b) Nytt gjerde mot beite.

Kjøpar skal, dersom gjerde langs beite vert øydelagt i anleggsperioden, setje opp nytt gjerde på lik linje med det som var før arbeidet starta. Nytt gjerde vert sett opp på privat grunn og vil ha privat vedlikehald. Vedlikehaldsansvaret vert tinglyst på eigedomen.

c) Tilbakeføring av midlertidige disponerte arealer

Areal som vert erverva midlertidig, merka gult på vedlagte kart, forpliktar kjøper seg til å levera attende etter at siktutbetringa er ferdigstilt og nøyaktig oppmåling er utført. Området skal leverast attende i vesentleg same stand som det hadde før anleggsperioden.

4. Generelle kontraktvilkår

Desse generelle kontraktvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje

I tillegg til sjølve avståinga skal erstatninga dekkje alle skadar og ulemper som avståinga, veganlegget og drifta av vegen i framtida vil føre med seg. Særlege skadar som måtte oppstå som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Avståing

Mindre avvik i avstått areal må påreknast. Der ikkje anna er oppført i punkt 3 skal vegggrunn avståast til om lag 1 meter frå fyllingsfot, skjeringstopp eller grøftekant, eller minst 3 meter frå vegkant. Dersom det oppstår avvik vert utbetaling justert i samsvar med punkt 2 bokstav a.

c) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljaren skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljaren skal plassere gjerdet etter tilvising frå Lindås kommune og Statens vegvesen.

d) Leidningar

Lindås kommune og Statens vegvesen utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår. Omlegginga fører ikkje til nokon endringar når det gjeld ansvaret for leidningane.

e) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Lindås kommune og Statens vegvesen har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstvegar i framtida.

f) Tiltreding av eigdommen

Lindås kommune og Statens vegvesen kan ta grunnen i bruk (tiltre eigdommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

g) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Lindås kommune sender beskjed til Statens vegvesen om at kontrakten er inngått og registrerer kontrakten i matrikkelen (jf. matrikkellova § 22). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

h) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglyst på eigdommen gnr. 172 bnr. 4. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå Lindås kommune og Statens vegvesen. Lindås kommune er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar:

Seim 17.09.16
.....
Stad/dato

Sigvard Hopland
.....
Sigvard Hopland

.....
/969277552
.....
Fødselsnummer/organisasjonsnummer

Oddlaug Aune Hopland
.....
Oddlaug Aune Hopland

.....
.....
Fødselsnummer/organisasjonsnummer


.....
.....
Bankkontonummer til seljaren

Kjøpar:

Knarvik 23.09.16
.....
Stad/dato

Atle Dingen
.....
Atle Dingen (einingsleiar teknisk drift)
For Lindås kommune

935 084 733
Organisasjonsnummer



- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grense
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m leilighet
- Våningshus
- Storre bustader
- Hytte/feriehuis
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.




Lindås kommune
Geodata avdeling
Erverv: Permanent grønn og midlertidig gul

Dato: 2016.06.15
Sign: liir

Lurevegen G.172/B.4

N
Målestokk
1:300



- | | |
|--------------------------|-------------------|
| — Målte Grenser | ■ Større bustader |
| — Registrerte Grenser | ■ Hytte/feriehuis |
| — Udefinert grenser | ■ Garasje/uthus |
| — Terrengmålte grense | ■ Industri/lager |
| — Konstruert grensepunkt | ■ Andre bygg |
| ■ Bolig | |
| ■ Bustad m leilighet | |
| ■ Våningshus | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling
Blå linje: Røyr for framtidig reinseanlegg



Dato: 2016.06.15
Sign: liir

Lurevegen G.172/B.31 og B.4

Målestokk
1:700